

Til ordførar Øyvind Oddekalv.

Interpellasjon om avbøtande tiltak mot forureining i Kloppedalsbekken/Kvenhusbekken, ei viktig sideelv i Mjåtveitvassdraget.

Meland kommune – og frå 2020 Alver kommune - forvaltar eit verdsansvar for den kritisk truga elvemuslingen, i Mjåtveitelva dokumenterte frå 1700 talet, og var inntil 2009 ein levkraftig bestand. Men no nærast er utradert i vassdraget. Ved telling i 2009 fann ein bare daude muslingar. Så, til alle si overrasking, fann ein muslinglarvar der i 2014, 2017 og 2018, noko som viser at der er vaksne individ att, ein restbestand har overlevd.

Også i Hordaland er situasjonen kritisk, kunn to livskraftige stammar er att av 24. Vernearbeidet i Hordaland treng derfor alle elvane ein har att! I verda er 95 % utrydda!

Forvaltinga og vernearbeidet treng også eit sunt Mjåtveitvassdrag fordi «data frå mange lokalitetar er viktig for å etablere betre forvaltingskunnskap». Ein har hatt for lite kunnskap om arten, trugsmåla og kva som er ei god forvalting, kom det fram på den nasjonale Elvemuslingkonferanse hausten 2018.

Miljødirektoratet har i ein ny handlingsplan for elvemuslingen for 2019 til 2028 desse hovudmåla:

1. Ein livskraftig populasjon i heile Noreg.
2. Oppretthalde dagens naturlege populasjon med tilfredstillande rekruttering.
3. Vassdraga skal få ein god økologisk tilstand.
4. Å setje ut muslingar i fem elver pr. år.

Også desse måla viser at Mjåtveitelva vil vere ein viktig og nødvendig ressurs framover i arbeidet for elvemuslingen, og at ein vil kunne hente både statlege og regionale midlar til forvaltinga av elva.

Kloppedalsbekken, også kalla Kvernhusbekken, er den sidebekken der dei siste forureiningane har skjedd, og er no den bekken som er mest utsett for å føre forureining til Mjåtveitelva, med pågåande store utbyggingar som Mjåtveit Næringspark og Mjåtveitmarka, bustadutbygging i området der bekken renn, og store, framtidige utbyggingar langs bekken og i nedbørsfeltet til bekken.

I bekkefaret er det etablert fleire avbøtande tiltak, vernetiltak, mot forureining. På Elvemuslingkonferansen vart eit av desse tiltaka, ein store reinsepark, framheva som eit døme på eit godt vernetiltak i eit område med stor utbygging. Parken vart etablert for å avbøte forureining frå Mjåtveit Næringspark, gjennom samarbeid mellom kommune, næringsliv, utbyggjarar og frivillige frå Mjåtveitlvens forening og med deltaking frå skuleelevar. Foreininga har arbeidd i mange år for Mjåtveitelva og elvemuslingen, og har oppnådd gode resultat i pleie av elva og etablering av vernetiltak som nemnde reinsepark. Dei har samla kunnskap og praktisk kompetanse som nyter respekt i forvaltings- og forskarmiljø i regionen og på nasjonalt plan, noko som kom fram på nemnde konferanse.

Det breie samarbeidet bak etableringa av reinseparken, har fått nasjonal merksemd for godt vern, og må halde fram skal me ha sjanse til å nå Fylkesmannens mål om null forureining til Mjåtveitelva, og kunne sikre vassdraget som ein levande muslingbiotop i framtida. Det er målet for både Miljødirektoratet og Fylkesmannen, (jfr utaler frå NVE: «eit mål å reintrodusere arten i vassdraget» og Fylkesmannen: «eit mål at vasskvalitet og levevilkåra skal bli gode nok til at ein kan reintrodusere elvemusling til vassdraget» nov. 2018 i samband med ny utbygging i Mjåtveitmarka, B5). Dette målet må sjølv sagt også vere Meland og Alver kommune sitt mål, og alle partane som opererer langs

vassdraget. Her har Meland/Alver eit ansvar på vegne av nasjonen – og verda. Det handlar om biologisk mangfald, ein raudlista art og vern mot mogleg miljøkriminalitet. Målet om null forureining - og alvoret i ansvaret - må alle parter dele skal nødvendig merksemd, kunnskap og innsats for vassdraget kome på plass og hindre nye forureiningar .

Sist haust og no i vinter har tre hendingar vist at dei avbøtande tiltaka ikkje fungerer:

- Under hogst i området vart stemma i reinseparken skadd.
- Lekkasje frå ein tank med flytande såpe fylte bekk og nedre deler av Mjåteitlva med såpesum.
- Oppstartarbeida på felt B5 i Mjåtveitmarka fylte bekk og elv med jord, slam, dynamittslugg og steinstøv.

Alle desse tre episodane kunne truleg vore vore unngått om følgjande hadde vore på plass:

1. Betre rutinar for risikostyring og varsling, for kontakt og samarbeid, kunnskap- og kompetanseoverføring, mellom dei involverte partane: verksemdene, grunneigarar, utbyggjarane, kommunen og frivillige (Mjåtveitlvens foreining).
2. Dei avbøtande tiltaka i Kloppedalsbekken nedafor reinseparken hadde hatt større kapasitet og betre vedlikehald. No synest ansvaret for dette ikkje å vere klart nok plassert.

Kva vil ordføraren gjere for å sikre at avbøtande tiltak i Kloppedalsbekken/Kvenhusbekken skal kunne hindre forureining av Mjåtveitvassdraget i framtida?

Helsing
Leif Johnsen,
Miljøpartiet Dei Grøne, Meland.